



Fløksand Gård Frode Anfinen
Fløksand 62
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10475 - 21/85757

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
16.12.2021

Landbrukssak GBNR 305/1- Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket 2021

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2021.

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2021-6 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Føretaket ditt er trekt ut grunna i søknaden er det ført opp at føretaket ikkje har plantevernjournal men det er nytta plantevernmiddel på areala du har søkt tilskot til. Ein vil difor kontrollere plantevernjournal for dei siste 3 åra. I 2020 er det og opplyst om at ein har plantevernjournal. Då det er nytta plantevernmiddel på omsøkt areal er det eit krav om plantevernjournal.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Dokument som kan godkjennast er plantevernjournal.

Kontrollen vil omhandla:

- Plantevernjournal dei siste 3 åra.

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan torsdag 30. Desember 2021.
Merk dokumentasjon med gards og bruksnummer samt namn på føretaket.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Med helsing

Øystein H. Kolstad
Rådgjevar Landbruk
56 37 50 00

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløksand Gård Frode Anfinsen

Fløksand 62

5918

FREKHAUG